

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 30.8.2023 kl.17:00-19:00 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattegard, Birger Bolstad, Wenche Smestad, Anne Kjersti Frøyen, Arild Ø Hansen, Torfinn Slåtto, Else Karin Veslegard, Geir Wiknes, Liv Margit Sørbøen

Forfall: Ingen

Opning v/Anne Kjersti: Folkekirken på sitt beste (R.Køhn)

Saksnr.		Ansvar
53/23	Godkjenning av innkalling og protokoll Ingen merknadar til innkalling eller saksliste.	
54/23	Kyrkjebladet Birger og Liv Margit har gjort ein veldig god innsats for kyrkjebladet, men trekkjer seg frå vervet til nyttår. Soknerådet har ein oppfatning om at kyrkjeblad er viktig og at me må arbeide med ein strategi for vidareføring av bladet. Dette er nok ein sak som truleg vil strekke seg inn i neste soknerådsperiode. Eit framlegg er å opprette eit informasjonsutval med representantar frå sokneråd og stab. Det bør vere representantar frå alle tre sokn. Utvalet kan arbeide heilheitleg med informasjonsarbeid der eit kyrkjeblad vil ein del av dette arbeidet. Dette kan vere eit arbeid for nytt sokneråd. Soknerådet vedtek eit mandat for kyrkjebladredaksjonen: <i>Leveld, Torpo og Ål sokneråd og Ål kyrkjelege fellesråd er ansvarleg utgjevar. Kyrkjebladet skal spegla aktivitet og trusliv, tankar, kultur og historie som er i kyrkje og lokalsamfunn. Kyrkjebladet skal vera eit kontaktorgan for folk med ulike standpunkt og synspunkt og visa fram kyrkja si rolle og det mangfald som rører seg i lokalsamfunnet. Kyrkjebladet for Ål byggjer på kristen tru og er partipolitisk uavhengig. Målgruppa er heile lokalsamfunnet i Ål kommune inkludert gjester.</i> Soknerådet bør legge noko arbeid i å finne aktuelle personar i ein redaksjon, og særleg ein redaktør for å vidareføre arbeidet. Eit framlegg er å forhøyre seg om redaksjonell omtale i Hallingdølen. Facebook og nettsida er også moglege verktøy. Men det beste vil vere å spørje aktuelle personar direkte. Det vart nemnt ein person som redaktør tek kontakt med. Resten av soknerådet blir utfordra om å finne aktuelle namn til neste møte.	Birger Alle
55/23	Orientering om kyrkja i møte med uveret Hans Staben tok grep for å hindre skadar frå bekken mellom kyrkja og hotellet. Kyrkjestugu vart delvis nytta av helseteamet som var på besøk. Geir bidrog (med snipp) på kulturhuset i psykososialt kriseteam, og i kulturvandring på Ål. Søndag 13.aug vart det arrangert gudsteneste med deltakarar frå alle etatar - «Sorg og sinne uro og håp». Sterke inntrykk for mange. Ål kyrkje var mykje open og kyrkja fekk ei viktig rolle i krisehandteringa. Geir fekk ros og vart takka for ein ekstra god innsats.	
56/23	Frivilligmesse i Ål kulturhus 4.sept Kyrkja skal delta og har stand ved hovudinngang. Det er viktig at kyrkja er synleg på slike tilstellingar. Geir stiller frå staben i alle fall første del den dagen. Birger melder seg for å vere med.	Geir Birger
57/23	Evaluering av sommaren i kyrkja Det er prøvd ein enklare form for gudsteneste i sommar med ein del endringar i forhold til vedteke hovudordning. Sokneprest og prost har gjort ei evaluering og meiner erfaringa var god. Attendemelding frå soknerådet er også positive. Gode attendemeldingar etter gudstenestene på bygdamuseet og olsok på Torpo. Relativt godt besøkte gudstenester denne sommaren.	

58/23

Godkjenning av røystemottakarar på valdagane

Torpo: Laila Merete Knaldre, Vigdis Vedvik Gåsterud, Kari Kristine Flatland

Ål: Kristin Flaen, Kari Synnøve Strand, Kjell Storhaug, Knut Veslegard

Leveld: Ingvard Solberg, Jorun Teksle Gurigard, Gerd Opheim Berg

Førehandsrøysting på Ålingen laurdag 2.september frå kl 10: Einar B og Arild ØH stiller der.

Einar

Arild

59/23

Meldingar

- a) Det blir bispevisitas i Ål veke 11 neste år, med gudsteneste 17.mars. Det meste av planleggingsarbeidet blir gjort i staben.
- b) Konfirmantar 2024: 8 i Torpo, 4 i Leveld og 16 i Ål. Dette er om lag halvparten av kullet.

60/23

Eventuelt

Ingen saker.

Neste møte: 20.sept kl 17:00

Referent: Torfinn Slåtto